

Uttale frå klubben ved Selevik skule

- Flytting av SFO til Rimbareid skule

Forslaget om å leggja ned SFO ved Selevik skule, er slik me vurderer det ikkje til det beste for elevane ved skulen.

Me reagerer på den lange køyrevegen for foreldre og ikkje minst elevane. Det tek om lag 25 minutt å køyra til Rimbareid skule med bil, noko lenger med buss. Når skulen byrjar klokka 08.30, vil elevane ha brukt nærast ein heil time i bil. Kva konsekvensar vil dette ha for resten av skuledagen? Me fryktar trøtte og slitne elevar før skuledagen i det heile har byrja skikkeleg. Det same scenarioet ser ein på ettermiddagen. Dersom ein elev nyttar seg av SFO morgon- og ettermiddag, er ein oppe i nærast to timar transporttid. At det er dei yngste elevane som har og nyttar seg av tilbodet om SFO, burde også takast med i vurderinga. Me vil minna om at nokre elevar er fem år når dei byrjar på skulen.

Det vert også hevda at det er få elevar som nyttar SFO-tilbodet ved Selevik skule. Dette stemmer ikkje, og må sjåast i samanheng med elevtalet på skulen. Det er i dag 7 elevar som nyttar tilbodet. Elevtalet på skulen er 25. Dette vil seia at 28 % av elevane går på SFO. Me vil også understreka at det igjen er 90% av elevane i 1. og 2.klasse som nyttar tilbodet. Det eine argumentet som kjem fram i budsjettframlegget om at «SFO ordninga ved Selevik skule vert lite brukt», er dermed ikkje eit reelt argument slik me ser det. Til samanlikning var det i fjor 39 av om lag 115 elevar på Rimbareid skule (1.-4. trinn dette skuleåret) på SFO, noko som tilsvarar vel 34%. I år, med smittevernreglar å ta omsyn til, er SFO ved Rimbareid i praksis full med 52 elevar slik me har forstått det.

Klubben ved Selevik skule